


# Årbok for Karmsund 1999-2000

Karmsund folkemuseum



Haugesund 2000

---

Haugesund Bok & Offset AS



*Store Bloksa med varde og ny lanterne tent 2. mai 2000.  
I bakgrunnen lanterna på Litle Bloksa  
Foto: Kystverket.*

## SKJERNAMNET BLOKSA

Inge Særheim


Skjernamnet *Bloksa* /'blåkså/ frå skipsleia nord for Haugesund kom på ein tragisk måte i medialyset i månadsskiftet november/desember 1999. Den stormfulle kvelden 26. november 1999 støyte hurtigbåten Sleipner mot skjeret *Stora Bloksa* og sokk. Dei fleste passasjerane vart berga i ein dramatisk redningsaksjon, men 16 menneske miste livet. Det var lykt på *Litla Bloksa*, men berre murt varde på *Stora Bloksa*.

Dei to skjera *Stora Bloksa* og *Litla Bloksa* ligg i skipsleia på havstykket *Sletta* /"sletå/, like utføre Ryvarden fyr i Sveio. Mange har stilt spørsmål om kva skjernamnet *Bloksa* /'blåkså/ tyder. Er dette eit namn som skal minna båtførarar om at denne staden er farleg for båtferdsle? Det finst fleire slike namn frå Nord-vest-Rogaland, jf. *Skreddarane* /"skredarane/, nokre grunnar i Buholmssundet på Røvær som berre er synlege på fjære sjø. Frå Røvær kan òg nemnast *Sloggene* /"slågene/ og *Sloggefluene*, nokre berg ned mot sjøen og fluer like ved, der det sjeldan er roleg sjø. Føreleddet *Slogg-* heng truleg saman med verbet *slå*, jf. ordet *sloge* f. 'slegel, tust'. Ved holmegruppa Tjør på Nord-Jæren finn ein elles grunne- og skjernamn som *Kniven* /'kni:ven/, *Stikkaren* /"stikaren/ og *Skyttarane* /"slyttarane/, jf. òg *Skyttaren* /"slyttaren/ på Kolnes og *Oksafoden* /"oksafo:d,n/ nord for Tananger.

Skjernamnet *Bloksa* vert stundom skrive *Bloksen*, men uttalen i haugesunds-målet er /'blåkså/, /"sto:ra 'blåkså/ og /"litla 'blåkså/. Det bør difor normerast *Bloksa*. Fleirtalsforma *Bloksene* /"blåksene/ vert nytta om dei to skjera.

Denne staden er avmerkt med namn på nederlandske sjøkart av norskekysten så tidleg som på 1500- og 1600-talet, noko som klart viser at det her dreiar seg om skjer som det er viktig å kjenna til for båtførarar. På Lucas Janszoon Waghenaers kart frå 1588 over kyststrekninga mellom Jæren og Bergen er skjeret kalla *Flocx*. I siglingsomtalen er namnet skrive *Flocx* og *Flockx*. Her er òg avstanden mellom nokre knutepunkt i leia oppgjeven, m.a. mellom *Perdeholm* (vel Hestholmen i Karmsundet) og *Flockx*, og mellom *Flocx* eller *Lunhol* (Lyngholmen) og *Monsterhavnen* (Mosterhamn), jf. Hoem 1983:17 f. Også på sjøkartet til nederlandaren Willem Janzoon Blaeu frå 1608 er dei to skjera avmerkte, her med skrivemåten *Flox*.

Det skal vera føreslått at namnet *Bloksa* kan koma av *Bloksberg*, som etter



Utsnitt frå nederlendaren Lucas Janszoon Waghenaers sjøkart frå 1588. Her er Bloksa avmerkt, skrive Flocx.

tradisjonen var staden der heksene samlast. Denne nemninga finn ein i somme fjell- og høgdenamn i Norden, gjerne nyare lagingar, jf. *Bloksbjerg(et)* ved Klampenborgvej i København (Jørgensen 1999:35). Men det er ikkje truleg at skjernamnet *Bloksa* har slik bakgrunn.

### Ordet *blokse* f. 'tørkehus'

Ut frå uttalemåten er det nærliggjande å setja skjernamnet *Bloksa* saman med ordet *blokse* f. /"blåksa/, som i sandnesmålet vert nytta om 'tørkehus'. I *Gaugamål. Ord og uttrykk på Sandnes* (1999:23, 163) er ordet skriva *blåksa*, definert som "langt, luftig tørkehus for teglprodukt" og "ope hus med tak og gangar kor ein sette blaut murstein til tørking i 'ribbevegge'". I bloksene vart teglsteinen tørka etter forminga før han kunne brennast. Teglsteinen vart laga av mjuk blåleir med stort vassinnhald og måtte tørkast i lang tid før brenninga, gjerne 3-5 veker. Dei lange, låge tørkehusa var tidlegare eit karakteristisk trekk ved bygningsmassen på Sandnes.

Bygginga av blokker på Sandnes skal, ifølgje Eggebø (1987:68), gå attende til siste halvdel av 1700-talet: "Bloksene hadde gavlvegger, i alle fall der regndrevet var verst. Dei var delvis kledde med bord eller panner, men hadde døråpningar og lufteluker. Sideveggene var opne. Inni var det lange hyller, opptil 23 i høgda, den øvste ca. 2,5 m opp frå bakken" (loc. cit.). Dei lengste bloksene kunne vera godt over 50 m lange. Dei største leirverka hadde om lag 20 blokker. I perioden 1965-70 vart dei siste bloksene på Sandnes fjerna. *Bloksene* /"blåksene/ finn ein elles som stadnamn på Sandnes, heilt nede i vågsbotnen, på Grava-ren-sida (Eikeland 1980, Særheim 1988:127). Bakgrunnen for namnet er at det tidlegare stod blokker på denne staden.

Ordet *blokse* f. i tydinga 'hus til tørking av teglstein' er ikkje teke med i dei større ordbøkene for norsk språk, og det ser heller ikkje ut til å vera registrert i ordsamlingar frå andre stader i Rogaland enn Sandnes. Kanskje har denne bruken av ordet *blokse* f. språkleg samband med verba *blaka* 'blafra, vifta' m.m. og *blaksa* 'blakra, veifta', jf. uttrykket "flagga blaksar". Det kan i så fall sikta til at det var særskild god trekk og lufting i bloksene, altså til den funksjonen desse husa hadde. Men ordet *blokse* f. kan òg oppfattast – og skal ha blitt oppfatta – som ei lokal utvikling av eit samansett ord *blokk(s)hus* n. I eit jubileumsskrift for teglverket Ganns skriv S. Simonsen (1973:44) at dette teglverket året etter at maskinproduksjonen kom i gang, kjøpte fem bygningar av teglverket Altona: "Av materialene oppførtes et 80 alen langt taksteinsblokshus". Truleg har han henta nemninga *blokshus* frå ein avisartikkel eller eit skriv frå ca. 1876. Skrivemåten *blokshus* kan både tolkast som ei 'smør på flekk'-laging, nemleg *blokse* + *hus*, og som ei eldre og meir opphavleg form av ordet *blokse*.

Det kan ikkje utelukkast at ordet *blokse* f. 'tørkehus' har bakgrunn i kontakt

med nordtysk språk. Som kjent var det sterkt innslag av tyskarar i den tidlege leirverksindustrien på Sandnes. Namnet *Altona Teglværk* (grunnlagt i 1854) skal ha opphav i at det ei tid vart henta tyske arbeidarar til verket, altså frå Altona i Nord-Tyskland. Altona, som no er ein bydel i Hamburg, var tidlegare eigen by, og var på slutten av 1700-talet faktisk den neststørste byen i det dansk-norske kongeriket. Det kan nemnast at ei kjelde med særst godt vatn ved Altona på Sandnes fekk namnet *Tyskarkjelda* /'tyskarkjelå/, også det med minne om dei tyske arbeidarane. Fleire ord som er knytte til leirverksemda, er elles lånte frå nordtysk språk.

### Ordet *blokkhus* n. og stadnamnet *Blokkhus*

Ordet *blokkhus* ligg føre i alle germanske språk, og finst dessutan som stadnamn fleire stader i det germanske språkområdet. Det samansette *blokkhus* n. inneheld substantiva *blokk* f. og *hus* n. Det førstnemnde er i nordisk språk lånt frå mellomlågtysk *block* 'avhogd trestamme, uthola trestump, blokk'. Samansetjinga *blokkhus* tyder altså opphavleg 'hus som er bygt av tømmerstokkar', men det er seinare utvikla særtydingar, m.a. ein militær bruksmåte. Det samansette ordet ser ut til å ha dei eldste belegga i nederlandsk, men det kan gjerne vera kome til nordisk språkområde gjennom lågtysk ettersom svært mange ord og ordlagingsmiddel kom frå dette språket i siste delen av mellomalderen.

I *Norsk ordbok* (1966:741) er *blokkhus* n. omsett med 'bygning av tømmer eller stein, særleg nytta til vakthus eller forsvarsverk'. Same ordet (*blokkhus*) er i *Ordbog over det Danske Sprog* (1920:852) definert som "hus opført af vandret lagte træstammer (...) især om en til dels forsænket bygning af planker og jord bestemt til at modstaa beskydning; mindre fort ell. Fæstningsværk". Svenska Akademiens *Ordbok öfver svenska språket* (B:3306 f.) tek sameleis med under *blockhus*: "i form af ett hus uppfördt befästningsverk af grofva stockar, äfv. af sten (o. jord) (...) mindre befästning, skans, fort". Dei eldste nordiske tekstdøma ser ut til å finnast i svensk og gjeld forsvarsverk i Sverige og Finland, t.d. frå 1525: "Leg tiigh win om ath befesthe (...) med blockhws (...) ath gaardhen [dvs. Ekenäs i Finland] icke kan saa hasteliga bliffwa forraskath [dvs. overrumpla]". I eit skriv frå 1620 heiter det at Sigtuna "skulle wara lijka så som ett Blockhuus och en Wärn, til at förbiudha Eesterna och Finnerna (...) at falla in och förhärja Swerike" (loc. cit.). *Kulturhistorisk Leksikon för Nordisk Middelalder* (KLN 1957:5 f.) har med eit tekstdøme frå 1508 der det er omtala "blockhws eller andre kiffwaneber" som forskansingar.

I engelsk språk har ordet *blockhouse* vore i bruk sidan ca. 1500. Den opphavlege tydinga er i *The Oxford English Dictionary* (1933:928) oppgjeven som "A detached fort blocking or covering the access to a landing, a narrow channel, a mountain pass, a bridge or other strategical point". Tilsvarande ord er det tyske *Blockhaus*, det nederlandske *blokhuis* og det frisiske *blokhûs*, *-hûs*.

I fransk finst ordet *blocus*, som ca. år 1350 skal vera lånt frå mellomnederlandsk *blochuuus*. I gammalvallonisk, ein fransk dialekt i Belgia, finn ein elles formene *blokehus* i 1350 og *blochus* i 1376, dessutan *bloxhus* frå 1380, jf. *Le Robert Dictionnaire historique de la Langue française* (1992:424). Tydinga 'tømra hus' skal ha vore i bruk i Nordaust-Frankrike på 1300- og 1400-talet, men også den militære bruksmåten er tidleg i fransk.

Tre stader i Noreg finn ein *Blokkhus* som busetnadsnamn, nemleg i Brandbu (Oppland), Oppdal (Sør-Trøndelag) og Fjelberg (no Kvinnherad, Hordaland). Gardsnamnet frå Fjelberg er uttala /'blåkus/, og er skriva *Blochhuus* i 1668, medan gardsnamnet frå Oppdal er skriva *Blockhuus* i 1631. I *Norske Gaardnavne* heiter det at slike namn har bakgrunn i "fhv. Soldater, som har kjendt Blokhuse fra sin Tjenestetid" (Rygh 1901:184). Kanskje har namna samband med at det har stått tømmerhus på vedkomande stader, eller med terrengformasjonar som kan minna om eit blokkhus.

Stadnamnet *Blokhus* ligg elles føre i Vendsyssel amt på Nord-Jylland, skriva *Bloch Huusene* i 1683. Her skal bakgrunnen, ifølgje Jørgensen (1994:38), vera "hus bygget af vandret lagte bjælker". På Jægersborg i København finn ein dessutan *Blokhusvej*, som er "Navngivet 1919 efter et *blokhus* (bjælkehus) ved vejen" (Jørgensen 1999:34 f.).

Også andre stader i det germanske språkområdet finst det stadnamn med denne samansetjinga. Frå Schleswig-Holstein (Nord-Tyskland) kan nemnast *Blockhaus* (lågtysk *Blockhuus*) i Wrist i amtet Kellinghusen-Land, skriva *Blockhaus* i 1645/46. Her skal bakgrunnen vera eit forsvarsverk, eit blokkhus som under krigen på 1600-talet forsvara brua *Bramaubrücke*, også kalla *die Rote Brücke* (Laur 1992:159). I Niedorp i Nord-Holland (Nederland) finn ein *Blokhuisen*, skriva *Tblochuis* 1575-1608 og *blochuis* 1608-1622. Også her skal den reale bakgrunnen vera eit blokkhus som forsvarsverk, nemleg ein post ved ein viktig veg (van Berkel og Samplonius 1995:26).

## Har Bloksa samband med ordet *blokkhus*?

Når ordet *hus* n. kjem som andre samansetjingsledd i eit ord eller namn, fell gjerne *h*-en i uttalen, som i gardsnamnet *Blokkhus* frå Fjelberg. Også *u*-en kan ha falle. Namnet *Bloksa* /'blåkså/ kunne slik sett kanskje oppfattast som opphavleg fleirtalsform av ordet *blokkhus* n., altså *\*Blokkhusa*, jf. at det her er to skjer. Mindre truleg er vel samandraging av eit *\*Blokkhusflua*.

Av di dette skjernamnet førekjem på gamle nederlandske sjøkart, kan ein slutta at det i alle høve går attende til 1500-talet. Men det er nok endå eldre, truleg laga i mellomalderen. Skrivemåten på dei gamle sjøkarta kan tyda på at namnet hadde forma *Bloks(a)* e.l. sist på 1500-talet. At det er skriva *Fl-* i staden for *Bl-* på karta, treng ein ikkje leggja større vekt på. Mange skrivemåtar på dei

nederlandske sjøkarta vik sterkt av frå den samtidige lokale uttalen av namna. Den nedervde lokale uttalen er sjølvsagt meir påliteleg som grunnlag for namnetolkinga enn skrivemåtar på utanlandske kart frå 1500- og 1600-talet. Elles ligg språklydane *f* og *b* nær einannan i uttale, jf. at konsonantgruppa *bl* kan svara til *fl* i skylde språk. Det kan her leggjast til at somme ord med opphavleg *fl*- blir uttala med *bl*- på Sørvestlandet, t.d. /"slybla/ for *skyfla* vb., men dette har ikkje noko å seia for skrivemåten av *Bloksa* som *Flox* o.l. på gamle nederlandske sjøkart.

Realt kan nok ordet *blokkhus* høva som namn på skjera, i så fall biletleg namngjeving, med ei tyding 'mindre, dels nedgrave fort eller forsvarsverk som blokkerer ein ferdaveg' e.l. Skjera ligg litt over sjømålet, i skipsleia, og stengjer for båtferdsla. Båreslaga mot steinane gjev kraftig lyd. Elles ligg dei to skjera like utføre fastlandet, slik dei militære blokkhusa òg var plasserte i høve til det som dei skulle forsvare. Med denne forklaringa vil *Bloksa* svara til andre skjergardsnamn som skal minna båtførarar om at ein bør halda god avstand til vedkomande stader, altså som ei åtvaring til dei som ferdast i båt.

Ei innvending mot denne tolkinga er at eit gno. eller mno. *\*Blokkhús*, ev. med bakgrunn i tysk eller nederlandsk språk, knapt ville gje så sterkt samandregen form som *Flox* o.l. på nederlandske sjøkart frå 1500- og 1600-talet.

### Har *Bloksa* samband med gno. *blaka* vb. 'slå'?

Rimelegare som forklaring på skjernamnet *Bloksa* er språkleg samband med det gno. verbet *blaka* 'blafra, blakra, flaksa, vifta, slå (fram og tilbake)' og substantivet *blak* n. 'dask, slag med flat hand'. I nynorsk tyder det førstnemnde m.a. 'gjera plaskande rørsler, skvetta'. Desse orda er sette saman med det latinske ordet *flagrum* 'pisk', til same språkrota som verbet *blåsa* (Torp 1919:27)

Det finst fleire lagingar til verbet *blaka* i språket vårt, m.a. gno. *blakra* vb. 'blakra, flaksa', som er utvida med *r*, dessutan verbet *blaksa*, utvida med *s*. Det sistnemnde har Vidsteen teke med i *Ordbog over Bygdemaalene i Søndhordland* (1900:15) i tydinga "pladske; især om Fisk i Vandskorpen". Det ligg òg føre eit substantiv *blaks* n. 'det å blaksa' dessutan eit *blokse* f., notert frå Setesdalen, tolka som variantform av *bloke* f. 'ustadig, flagrande, upåliteleg person' (*Norsk Ordbok* 1966:671, Ross 1895:51).

Også skjernamnet *Bloksa* kan vera utviding med *s* til verbet *blaka* vb., som dei nemnde *blokse* f., *blaksa* vb. og *blaks* n. At det finst fleire lagingar med *s*-suffiks til dette verbet, er ei støtte for denne tolkinga. Skrivemåtane på dei gamle nederlandske sjøkarta tyder, som nemnt, på at namnet var einstava på 1500-talet. Også den noverande målføreuttalen kan tyda på at namnet opphavleg har hatt einstava form. Den gno. forma har i så fall vore *\*Bløx* f., i genitiv *\*Blaxar*. Det er vanleg at flu- og øynamn er hokjønnslingingar.



Også realt høver språkleg samband med verbet *blaka* for skjernamnet *Bloksa*. Bakgrunnen for namnelaginga kan vera dei jamne og ofte kraftige bølgeslaga mot skjeret. Ettersom steinen ligg i eit ope sjøestykke, er det sjeldan roleg sjø på denne staden.

Med denne tolkinga er *Bloksa* sett saman med ord som er godt heimla i språket vårt og nærskyldte språk (jf. Torp loc. cit.), og det finst gode parallellar når det gjeld lagingsmåten. Både språkleg og realt høver denne tolkinga godt.

## Konklusjon

Skjernamnet *Bloksa*, vel gno. \**Bløx* f., har truleg språkleg samband med gno. *blaka* vb. 'slå, blafra' og *blak* n. 'slag, dask', laga med *s*-suffiks, jf. *blaksa* vb., *blaks* n. og *blokse* f., med bakgrunn i dei jamne og harde båreslaga mot skjeret. Lite truleg er utvikling av det samansette ordet *blokkhus* n., sjølv om også det kunne høva realt.

Opphavet til ordet *blokse* f. 'tørkehus' i sandnesmålet er noko meir uvisst. Her kan ikkje utvikling av eit \**blokk(s)hus* utelukkast, men òg samband med *blaksa* vb. 'blakra, veifta' høver, både språkleg og realt, med bakgrunn i god trekk og lufting. Kanskje den sistnemnde forklaringa er rimelegast også for denne nemninga, jf. ordet *blokse* f. i setesdalsmålet, rett nok med eit anna innhald.

## Litteratur

- Eggebø, A. og Frafjord, D. 1987: *Det begynte med leir*. Stavanger  
 Eikeland, M. 1980: *Stadnamn frå Sandnes*. Utrykt hovudfagsoppgåve i nordisk.  
 Universitetet i Oslo  
*Gaugamål. Ord og uttrykk på Sandnes*. Utg. av Sandnes mållag. Sandnes 1999.  
 Hoem, A. I. 1983: Utviklingen av sjøkartene over norskekysten til 1814.  
*Norges sjøkartverk 1932-1982*. 9-74  
 Jørgensen, B. 1994: *Stednavneordbog*. 2. udg. København  
 Jørgensen, B. 1999: *Storbyens Stednavne*. København  
 KLNLM 1957, 1970: *Kulturhistorisk Leksikon for Nordisk Middelalder* 2, 15.  
 København etc.  
 Laur, W. 1992: *Historisches Ortsnamenlexikon von Schleswig-Holstein*.  
 2. Aufl. Neumünster  
*Le Robert Dictionnaire historique de la Langue française*. Paris 1992  
*Norsk ordbok*. 1. Oslo 1966  
*Ordbog over det Danske Sprog* 1920. 2. København  
*Ordbok öfver svenska språket* 1915. BLIFVA-BLYSTRA.  
 Utg. af Svenska Akademien. Lund

- Ross, H. 1895: *Norsk Ordbog*. Kristiania  
 Rygh, O. (red.) 1901: *Norske Gaardnavne* 14. Kristiania  
 Simonsen, S. 1973: *Ganns 100 år. 1873-1973*. Sandnes  
 Særheim, I. 1988: *Stadnamn på Sandnes*. D. Johannessen (red.):  
*Hammar og gauk*. 125-31  
*The Oxford English Dictionary* 1. Oxford 1933  
 Torp, A. 1919: *Nynorsk etymologisk ordbok*. Kristiania.  
 van Berkel, G. og Samplonius, K. 1995: *Nederlandse plaatsnamen*. Utrecht  
 Vidsteen, Chr. 1900: *Ordbog over Bygdemaalene i Søndhordland*. Bergen

## Eit tillegg

### BØYING AV HOKJØNNSORD I MÅLFØRA I NORDVEST-ROGALAND

I *Årbok for Karmsund 1997-1998* har eg ein artikkel om bøyning av hokjønnsord i bunden form i eintal i Nordvest -Rogaland, «Føyne/Føynå, Karmøyne/Karmøynå. Ei dialektgrense i Nordvest-Rogaland» (1998:184 f.). Eg vil her koma med eit lite tillegg til det eg har teke med der.

Med utgangspunkt i innsamla stadnamntilfang frå Nordvest-Rogaland argumenterer eg i den nemnde artikkelen for at bøyningssmåten med skilje mellom såkalla sterke og svake hokjønnsord i bunden form eintal tidlegare har hatt større omfang enn det som går fram av tradisjonell litteratur om norske målføre. Døme på slik bøyning i siramålet (dialekten på Utsira) er former som *heie*, *øyne bokje*, *senje*, *flune*, *myre*, *kjerinje* i sterke ord (gjeld orda *hei*, *øy*, *bok*, *seng*, *flu*, *myr*, *kjerring*) og *kåno*, *svisko*, *hålo*, *ekro*, *sjevo* i svake ord (*kone*, *sviske*, *hole*, *skive*). Dei sterke hokjønnsorda får i siramålet med andre ord *e*-ending, medan dei svake ord får *o*-ending. Med dømer frå nedervd målføreuttale av lokale stadnamn har eg peika på at denne bøyningssmåten i tillegg til Utsira, Torvastad og Føyne også gjeld for soknene Åkra og Ferkingstad (så langt sør som til Sandve), dessutan for Røvær i tidligare Skåre (no Haugesund).

Men dette fenomenet har faktisk endå større utbreiing enn dette. Det omfattar nemleg òg grenda Førland og delar av Hagland i Skåre, noko som går fram av ein artikkel som Jan Ragnar Hagland har skrivne i *Ætt og heim* (1984:111 f.) om skåremål i eit amerikansk immigrantmiljø frå 1865. Også Førland og Hagland i Skåre finn ein *e*-ending i dei sterke orda og *o*-ending i dei svake.

Nemnast skal dessutan at eit system med *-å* i sterk form og *-o* i svak form ifølgje H. Christiansen (1947:208) finst i «Torvastad og Skåre i Ryfylke og Sveio i Hordaland». Hagland (loc. cit.) skriv at dette i dag stort sett gjeld for eldre mål i

området, for former med *-å* i både sterke og svake ord er no ekspansive, etter mønster frå bymålet i Haugesud. I Torvastad er det hovudsakleg den delen som soknar ned i Karmsundet, som har (har hatt) *-å* i sterke og *-o* i svake ord.

Delt hokjønnsbøying i Nordvest-Rogaland har etter dette omfatta bygdene Skåre (med Røvær), Torvastad (med Føyne og Utsira), Åkra og Ferkingstad. Den største delen av dette området har (har hatt) *-e* i sterke og *-o* i svake ord, nemleg Ferkingstad, Åkra og vestre delen av Torvastad (med Føyne og Utsira), dessutan Røvær og grendene Førland og (delar av) Hagland i Skåre, medan resten av området har (har hatt) *-å* i sterke og *-o* i svake ord.

## Litteratur

Christiansen, H. 1947: *Norske dialekter*. (Oslo).

Hagland, J. R. 1984: «Du maa preika te sutta dem, aa faa folkjaa te jeina os».

Skåremål i eit amerikansk immigrantmiljø frå 1865. *Ætt og heim* 1984. 111-24.

Særheim, I. 1998: *Føyne/Føynå, Karmøyne/Karmøynå*. Ei dialektgrense i Nordvest-Rogaland. *Årbok for Karmsund 1997-1998*. 184-97.